
Vår referanse 2021/50554-2
Dato 18.10.2021

ARKOCONSULT AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Svar - Fv. 5456 og fv. 57 - Nytt anlegg - gnr 116 bnr 62 - Lindås - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til nabovarsel mottatt 06.10.2021. Varselet gjeld utbygging av VA-anlegg med meir på gnr. 116 bnr. 62 i Alver kommune.

Vi mottar nabovarsel som eigar av fylkesveg 5456 Risasjøvegen og Fv. 57 Lindåsvegen.

Vi har og ei rolle som forvaltar av fylkesveg. Den omsøkte eigedomen ligg i eit område som er regulert gjennom eige planarbeid *Skinstø (2010)*. Vi minner om at arbeid innanfor byggjegrense langs veg vil vere søknadspliktig etter plan og bygningslova. Eventuelt graving langs eller under fylkesveg er søknadspliktig etter veglova, og det må søkjast om grave- og framføringsløyve for leidningar dersom det er aktuelt.

Vi minner til slutt om rekjkjefølgjekrav til reguleringsplan jf. føresegzn 2.4.3 for opparbeiding av fylkesveg og fortau før bustader innan planområdet kan takast i bruk. Vi stiller krav om gjennomføringsavtale med Vestland fylkeskommune før dette arbeidet vert utført.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift